



«Torsdagskveld
i kyrkja»
Våren 2025

«Torsdagskveld i kyrkja»

I september 2013 vart tilbodet for vaksne i Spjelkavik kyrkje starta opp. No har vi vore gjennom 10 år, 20 semester, og fått mange godord om kveldane, der vi har samla om lag 20-30 personar på det jamne. Tanken er at her skal det vere *rom for både undervisning og eit godt fellesskap*.

- Annankvar torsdagskveld
- Frå kl.19.30 til kl.21.15
- Ingen påmelding.
- Ein kan også vere med på deler av kvelden

Innhald:

Kvelden blir delt i tre: (45 min. + 30 min. + 30 min.)

- 1) Vi begynner med eit **felles tema/bibeltide**.
- 2) Neste bolk har **tre** alternative «aktivitetar».
Ein treng ikkje velje det same kvar gong:
 - a) **Samtalegruppe** - direkte knytt til tema.
Gruppa har ein leiar. Det skal helst vere maks. 8 i gruppa.
 - b) «**Kosekroken**» - eit uformelt hjørne der ein kan sitte ned, ta seg ein kaffe, ha med strikketøyet, og prate i lag..
 - c) «**Turlaget**» - dei som vil tek seg ein tur i nærmiljøet, evt. ein sykkeltur eller anna ein vert einig om.
- 3) **Felles kveldsmåltid for alle. Pris: Kr.40,-**

Plan for våren 2025:

Samtalar himmel og jord

Dag:	Dato:	Tema:	Innleiar:
Torsdag	16. januar	HimalPartner film - vår misjonsavtale	Jan Kåre Roald
Torsdag	30. januar	Folkehelse og kyrkja	Åsrún Håvik
Torsdag	13. februar	Misjon	Oddmund Måseide
Torsdag	27. februar	Namna minnelund	Bjarnhild Høgset
Torsdag	13. mars	Mangfald i kyrkja	Kaja Haugstvedt og Kari Vatne
Torsdag	27. mars	Meditativ bibellesing	Ingebrigt Austnes

Ansvar:

Frå staben er **diakon og sokneprest** ansvarlege.

Tre **tenestegrupper** tek ansvar for to kveldar kvar. Dei har m. a. ansvaret for å lage til kveldsmat. Innkjøpa er gjort.

Tenestegruppene blir innkalla til samling ein gong i semesteret, for å drøfte arbeidet for komande halvår.

Kva det er bruk for:

- medlem i tenestegruppe
- samtalegruppeleiar
- turleiar

Er du interessert i å ta eit tak, eller har du noko du lurar på når det gjeld samlinga, så ring oss, eller send ein e-post til anten:

anders.gustavson.grytten@kyrkja.alesund.no, 455 12 504, eller
asrun.eli.havik@kyrkja.alesund.no, 413 64 814

*Draumen vår er at dette skal vere ein stad der vi
saman kan snakke om det
som dreier seg om truslivet
vårt, om kvardagen vår,
kanskje få dele oppturane våre med andre, eller få ein
prat med nokon om det som ikkje er så lett for oss.*

*Vi satsar også veldig på at torsdagskveldane skal vere
ein stad for latter og hygge!*

Hjarteleg velkomne!